

Jolebukur og jolegeit.

Der spør om eg kan skaffe Dykk heimelaga jolemasker. Det kan eg nok ikkje. Eg veit ikkje av at nokon gøymde på slikt i mi bygd.

Men i Gamalt or Satesdal bind 2 side 43 er bilete fra Rognestad i Valle av ei slik maske.

Omkring hundradårskiftet var det ofte at vaksne folk spelte jolebukkar. Maskene laga dei seg av papir, tøy, lav, ull og kva det no var. Karane spelte i stakk. - Eg hugsar godt ei jol mor ikkje var heime. Då kom jolebukane og heldt på skremme veket av oss minste borna. Dei tulla og dansa og braga etter öl. Dei store mannfolk-stoolane med helvingar dunka i golvet, stakkane slong.

No er det berre borna som kleder seg ut og gir jolebukkar her.

Jolegeita sag vi aldri, men alle ungar visste om den. "Er du ikkje snild, kjem du til å reise på jolegeita," sa dei vaksne. Fekk ein ingan ting mytt å ha på seg jolestane, kom ein til å bli argarde på jolegeita. Slikt høyrde med til barneleardomen då.